

	Pedagogisk-Psykologisk Teneste – PPT
<b>Rettleiar for utfylling av Pedagogisk rapport - Barnehage</b>	

Dette er ei momentliste/sjekkliste for hjelp og rettleiing ved utfylling av pedagogisk rapport. Alle hovudpunkta skal kommenterast. Underpunkta i denne momentlista er meint som ei rettleiing til kva som *kan* vere aktuelt å ta med.

### 1. Rammer, skildring av barnegruppa og barnehagemiljøet

Gruppestorleik, vaksentettleik og stabilitet, kompetanse, lokalitetar, struktur, organisering, osv. Kva for faktorar tenkjer de er positive for barnet, kva har ein negativ innverknad?

### 2. Tiltak i barnegruppa

Gje ei skildring av omfang og effekt av desse tiltaka. Legg ved ev. evalueringsrapportar.

Døme på tiltak:

- a) Kurs/kompetanseheving
- b) Kartlegging av miljøet/gruppedynamikk, dagsrytme, observasjonar, barnesamtaler
- c) Fysiske tiltak (organisering av personalet, barnegruppe, fysisk rom, bruk av dagtavle, osv.)
- d) Motorisk- og sansemotorisk trening/grupper (hyppigheit og omfang)
- e) Pedagogiske program (til dømes "De utrolige årene", Kari Lamer, Steg for steg, osv.)

### 3. Tiltak inn mot barnet

Utviklingsplan, språkgruppe, dagsplan, tilrettelegging i overgangssituasjonar og rutinesituasjonar, m.m.

### 4. Samarbeid heim – barnehage

Rettleiing, kurs, foreldreprogram, m.m.

### 5. Skildre kompetanse og utfordringar hos barnet

#### a. Språk

Forståing og talespråk

- ✓ Forstår barnet vanleg samtale?
- ✓ Har barnet eit språk som samsvarar med alderstrinnet?
- ✓ Har barnet eit godt ordforråd?
- ✓ Har barnet eit språk som er tilpassa ulike situasjonar?
- ✓ Kan barnet uttrykkje seg tilfredsstillande også når det skal gjere greie for meir samansette forhold?

- ✓ I kva for grad uttrykkjer barnet seg i heile setningar?
- ✓ Nyttar barnet ofte adjektiv, adverb og preposisjonar når det former setningar?
- ✓ Uttrykkjer barnet kjensler i det det seier?
- ✓ Tar barnet generelt del i samtaler?
- ✓ Er barnet flink til eller glad i å fortelja?
- ✓ Har barnet evne til å lytte og til å la samtalen få utvikla seg i takt med innspel frå andre?
- ✓ Er barnet i stand til å uttrykkje eigne meiningar på ein god måte?
- ✓ Har barnet ein variert uttrykksmåte, eller heng det fast i bestemte ordmønster, til dømes ved innleiinga eller avslutninga av eit utsegn?
- ✓ Har barnet nokon form for uttalefeil i høve alderen sin?
- ✓ Snakkar barnet flytande eller usamanhengande?
- ✓ Er stemmen monoton eller livfull? Uttrykkjer den skiftande sinsstemningar?
- ✓ Har barnet kontroll over stemmevolum og stemmehøgde (frekvensområde)?

#### b. Fysisk, motorisk og sansemessig utvikling

- ✓ Praktiske ferdigheiter/sjølvhjelpsferdigheiter
- ✓ Finmotorikk
- ✓ Grovmotorikk
- ✓ Koordinering
- ✓ Kroppshaldning, balanse, stødigheit og presisjon
- ✓ Styrke
- ✓ Kroppskontroll, bevegelsar, mjukheit, tempo
- ✓ Kroppsbevisstheit
- ✓ Teikn på vanskar med syn eller høyrsel?

#### c. Leik, sosialt samspel og emosjonell utvikling.

Dette må ein sjå i høve til barnegruppa si fungering og dei rammer som barnehagen gjev.

Leik:

- ✓ Kva for leiker og aktivitetar tek barnet del i?
- ✓ Korleis vert desse aktivitetane sette i gang, og korleis utviklar dei seg?
- ✓ Kor lenge held barnet ut i ein aktivitet, og korleis vert aktiviteten avslutta?
- ✓ Kva er det som trekkjer barnet til aktivitetane? Er det samvær med andre, sansemessig oppleving, problemløysing, moglegheit for kreative uttrykk?
- ✓ Føretrekkjer barnet å leike åleine eller med berre nokre få deltakarar?
- ✓ Korleis snakkar barnet når det leiker?
- ✓ Kva for roller føretrekkjer barnet (til dømes baby, mor, far, krigar)?
- ✓ Er barnet villig til å prøve nye ting i leiken, eller går det mest i eitt spor?
- ✓ Har barnet spesielle evner eller føresetningar i leiken?
- ✓ Kan barnet fungere som leiar under leik? Korleis fungerer barnet eventuelt i denne rolla?

Sosialt samspel med andre barn:

- ✓ Kontaktar barnet andre barn, og i tilfelle korleis?

- ✓ Kontaktar barnet berre spesielle barn? Kor brei er kontaktflata?
- ✓ Korleis reagerer barnet på andre barns kontaktforsøk?
- ✓ Er barnet tilskodar eller deltakar i leik?
- ✓ Kva slags rolle har barnet i grupper?
- ✓ Viser barnet teikn til å være einerådande eller redd, og underkastar seg sosialt?
- ✓ Er barnet i stand til å gje og ta i mot?
- ✓ Verkar barnet generelt mogent eller umogent i sitt samvære med andre barn?
- ✓ Aksepterer barnet reglane i leik?
- ✓ Tek barnet omsyn til andre barn?

#### Samspel med vaksne:

- ✓ Har barnet grunnleggjande tillit eller mistillit til vaksne?
- ✓ Vender barnet seg til alle dei vaksne eller berre til nokre få?
- ✓ Søkjer barnet nærheit til vaksne i påfallande stor grad?
- ✓ Korleis oppfører barnet seg når det er saman med vaksne? Verkar det veltilpassa, vennleg, klengete, krevjande, engsteleg, trassig, uberekneleg?
- ✓ Søkjer barnet omsorg og trøyst, eller avviser det dei omsorg frå dei vaksne?
- ✓ Korleis reagerer barnet på grenser?
- ✓ Verkar barnet generelt mogent eller umogent i sitt samvære med vaksne?
- ✓ Korleis er augekontakten til barnet?

#### Emosjonell fungering:

- ✓ Korleis er barnet sine kjenslemessige reaksjonar? Korleis og i kva for situasjonar viser barnet til dømes glede, sinne, tristheit, gråt, usikkerheit, frykt eller entusiasme?
- ✓ Korleis er barnet sin generelle kontroll over kjenslene? For mykje, for lite eller middels kontroll?
- ✓ I kva grad uttrykkjer barnet kjensler gjennom mimikk og kroppsspråk, språklege uttrykk, leik?

#### d. Konsentrasjon, merksemd/oppgåveorientering og uthaldenheit.

Kva for interesse har barnet for ulike oppgåver eller aktivitetar?

- ✓ Kva for interesse har barnet for ulike arbeidsformer?
- ✓ Korleis er evna til sjølvstende og initiativ?
- ✓ Korleis er oppgåveinnstillinga til ulike aktivitetar i løpet av dagen?
- ✓ Korleis er oppgåveorienteringa i forhold til hendingar i løpet av dagen?
- ✓ Evne til å innrette seg etter reglar og beskjedar
- ✓ Kva for rolle spelar forutgåande forklaring, ulike tilnærmingar til instruksjon/retteleiing?
- ✓ Kva for rolle spelar vaksnes kontroll over ulike aktivitetar?
- ✓ Korleis verkar hendingar i barnegruppa og andre barns aktivitet inn på barnet?
- ✓ Kva for rolle spelar motivasjon, og kva held barnet i gang med aktivitetar?
- ✓ Kva innverknad har samarbeid med andre barn på oppgåveorientering og konsentrasjon?

- ✓ Finst det spesielle heldige og mindre heldige konstellasjonar når barnet skal arbeide saman med andre barn?

e. Regulering og rytme i forhold til måltid, søvn, toalett, m.m.

Bør eventuelt fyllast ut i samarbeid med føresette. Spesifiser i så fall kva som omhandlar heimesituasjonen og kva som er framtrédande i barnehagen.

## **6. Barnet si eiga oppfatning av kvardagen med utgangspunkt i barnesamtaler**

Skildre barnets skildringar og forteljingar i kvardagen, om seg sjølv, andre barn, vaksne, barnehagen, m.m.

## **7. Kartlegging**

### a. Merknadar vedrørande hørsel, syn, sjukdom eller spesielle hendingar i barnet sitt liv.

Bør eventuelt fyllast ut i samarbeid med føresette. Spesifiser i så fall kva som omhandlar heimesituasjonen og kva som er framtrédande i barnehagen.

### b. Korleis er barnets ressursar og utfordringar kartlagde?

Legg ved rapportar/utgreiingar. Hugs å oppsummere/konkludere i rapportar. Det er ikkje tilstrekkeleg å gjere greie for observasjonar eller leggje ved resultata av ei kartlegging.

a) Observasjonar

b) Screeningverktøy – f.eks. Askeladden, "Alle med", TRAS, Portage guide

c) Samtale med foreldra

### c. Sterke sider, interesser og strategiar hos barnet, og korleis dette er nytta i barnehagen.

Strategiar kan vere både læringsstrategiar, meistringsstrategiar og kompensierende eller unnvikande strategiar.

## **8. Kva ønskjer barnehagen at PPT skal gjere ?**

Bestillinga skal drøftast i konsultasjon med PPT før tilvising.

## **9. Barnehagen si vurdering om barnets utbyte av det ordinære pedagogiske tilbodet**

Skildre område der barnet har/kan få tilfredsstillande utbyte av det pedagogiske tilbodet.

## **10. Barnehagen si vurdering av eventuelle område der barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.**

I kva situasjonar og på kva utviklingsområde vurderer barnehagen at barnet treng ekstra støtte i form av spesialpedagogisk hjelp?

## **11. Andre relevante og viktige opplysningar.**

Heimeforhold, livssituasjon, m.m.